

Byggraad AS  
Fleslandsvegen 235A  
5258 BLOMSTERDALEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/7073 - 20/68801

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
29.10.2020

Avslag på søknad om igangsettingsløyve for delar av tiltaket - fjerning av massar inntil mur gbnr 428/127

**Administrativt vedtak.** **Saknr:** 1157/20  
**Tiltakshavar:** Knut Asle Geitle  
**Ansvarleg søker:** Byggraad AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

#### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 k), jf. § jf. § 21-2, 5.ledd, vert det ikke gjeve igangsettingsløyve for oppføring av terrengarbeid – fjerning av masser inntil eksisterande muren på gbnr 428/127.**

**Med heimel i pbl § 23-8, jf. SAK §6-8, godkjenner ikke kommunen søknad om ansvarsrett som sjølvbyggar for utførande av grunn- og terrengarbeid.**

**Grunngjaving går fram av saksutgreiinga.**

#### Saksutgreiing:

##### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om oppføring av terrengarbeid – fjerning av masser inntil eksisterande mur i tilknyting til riving av eksisterande muren og oppføring av ny mur på gbnr 428/127 på Marøy.

Rammeløyve på vilkår vart gjeve den 09.07.20.

Tiltakshavar søker personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar for ansvaret som utførande for grunn- og terrengarbeid, jf. søknad om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar mottatt 20.10.20. Det går fram av oversendingsskriv at tiltakshavar skal nytta medhjelpars utdanning og praksis i arbeidet.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett då han var motteken.

Sakshandsamingsfristen er 3 veker.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er ikke nabovarsla. Tiltaket vart nabovarsla ved søknad om rammeløyve. Det er ikke grunnlag for å krevje ny varsel ved igangsetting.

### **Historikk i saka**

Saka gjeld søknad om oppføring av delar av tiltaket- fjerning av masser i tilknyting til riving av eksisterande mur. Fortsøtningsmuren er allereie bygd. Det er søkt om fjerning av delar av etablert mur og oppføring av ny murkonstruksjon.

Terrassert støttemur med lengde på ca. 20,8 meter vart godkjent i rammeløyve av 09.07.20 på følgjande vilkår:

Før det vert gjeve igangsettingsløyve for tiltaket skal følgjande sendast inn:

1. Detaljeikningar for prosjektert mur med berekningar av konstruksjonstryggleik.
2. Erklæring for uavhengig kontroll av prosjektering for konstruksjonstryggleik med kontrollplan.

### **VURDERING**

#### **Søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar**

Tiltakshavar Knut Asle Geitle har søkt om ansvarsrett som sjølvbyggjar for oppføring av terrengarbeid – fjerning av masser i tilknyting til riving av eksisterande mur og oppføring av ny mur på gbnr 428/127 etter SAK § 6-8, slik det går fram av søknad mottatt 20.10.20.

Tiltakshavar har, etter kommunen si vurdering, ikke sannsynleggjort at arbeidet vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova for ansvaret som søker og utførande av grunn- og terrengarbeid.

Med bakgrunn i arbeidet sin kompleksitet og konsekvensar ved feil vurderer kommunen at tiltakshavar sin søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar for utføring av fjerning av masser i muren ikke kan godkjennast.

Administrasjonen har stilt vilkår knytte tryggleiken av konstruksjon i rammeløyve i denne saka.

Søknaden er vurdert opp mot følgjande omsyn:

- Omsynet til helse og tryggleik
- Omsynet til ulemper på naboeigedommen gbnr 428/126 (utrasing)
- Omsynet til manglande ansvarsrettar for prosjektering, kontroll av prosjektering
- Omsynet til kompetanse til sjølvbyggjar

I rammeløyve vart det vurdert at delar av ulovleg oppført konstruksjon skal rivast og nytt tiltak – terrassert mur- skal prosjekterast og utførast av godkjent føretak i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunen har vurdert at terrassert mur vil redusere faren for utrasing av massar og vil gi betre sikring av høgdeforskjellnivået.

Eksisterande mur er til ulempe for naboeigedomen, grunna høgd og utføring. For å sikre ei god gjennomføring og avhjelpe desse ulempene, satt kommunen krav om uavhengig kontroll ved prosjektering av konstruksjonstryggleik i bygesaka før igangsetjingsløyve vert gjeve. Dette er et absolutt krav for å ivareta tryggleik i prosjektet.

Kommune kan ikkje tillate noen endringar av konstruksjon utan prosjekteringsgrunnlag og ansvarsrett for prosjekteringen og kontroll.

### Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl).

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytt fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/7073

Med vennleg helsing

Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om personlig ansvarsrett som selvbygger.pdf  
Gjennomføringsplan.pdf  
Erklæring om ansvarsrett.pdf

**Kopi til:**

Knut Asle Geitle	Eikåsneset 22 C	5131	NYBORG
Terje Oseberg Askeland	Myrdalsvegen	5130	NYBORG
	42 E		

**Mottakarar:**

Byggraad AS	Fleslandsvegen	5258	BLOMSTERDALEN
	235A		